

M2/1

Dir-DS-febr.83

DIREKTIV OM ØKONOMIARBEIDET TIL DISTRIKTSSTYRA.

1. INNLEIING.

Dette direktivet er revidert nyutsending av økonomidirektivet frå januar 1978.

Det inneheld retningsliner for distriktsstyret sitt arbeid med partiøkonomien. Direktivet må brukast aktivt av DS og kasseraren for å rotfeste den marxist-leninistiske lina for organisasjonsøkonomien i partiet, og for å slå fast prinsippa for sjølvberging og mobilisering av massane i økonomiarbeidet til partiet. Direktivet skal vera ein reidskap for å styrkje økonomien til partiet og for å nedkjempe og korrigere dei avvika som har vore, og som framleis finns på dette området. DS må derfor diskutera direktivet grundig.

Direktivet gjeld inntil anna er fastsatt.

2. DEMOKRATISK SENTRALISME I ØKONOMIARBEIDET

DS/AU skal ha eit kollektivt ansvar for leiinga av økonomien, med ein kasserar som særskilt ansvarleg og med økonomien som hovudoppgåve.

Kravet i § 12 i vedtektene om at kasseraren skal sitja i AU og at det skal vera kameraten si hovudoppgåve, er i samsvar med sentralisert leiing. Andre oppgåver må ikkje hindra kasseraren i å gjera oppgåva si.

3. ANSVARSOMRÅDE

3.1. KONTINGENTEN

- a) DS skal driva inn kontingenten frå alle avdelingane i distriktet, innanfor dei fristane som SK gjev.
- b) DS skal kontrollera at alle avdelingane betalar kontingent i samsvar med medlemstalet og etter dei satsane SK har **fastsett** i direktivet til avdelingane.
- c) All kontingent som DS krev inn tilhøyrer SK. SK fastset ein pro-sentsats som DS kan trekkje av kontingenten til eiga drift.
- d) DS skal føra rekneskap over kontingenten dei krev inn på eige skjema. Fram til kontingentrekneskapen gjerast opp for ein termin skal kontingenten skiljast fysisk frå DS si kasse. Ikkje i noko høve kan DS bruka kontingentpengar utover den fastlagde prosent-

- 2 -

andelen.

e) Når kontingenten skal sendast til SK gjer DS opp kontingentrekneskapen og sendar kopi saman med pengane til SK. På same tid førast DS sin andel over i DS-kassa. Kvitteringa frå SK kan brukast som inntektsbilag til DS-rekneskapen.

f) Dersom ei avdeling ønskjer å trekkje meir enn 10 % til eiga drift, må dette godkjennast av SK.

3.2. INNSAMLINGSKAMPANJER

Innsamlingar inngår som eit fast innslag i økonomiarbeidet til partiet, anten det er direkte til partiet sine verksemdar eller til frontføremål som partiet står for.

DS skal fordele målsettinga for distriktet som dei får tildelt frå SK på avdelingane etter eiga vurdering. Vidare har DS ansvaret for å leia innsamlingane, organisera dei og kontrollera fortløpande korleis dei vert drivi.

I innsamlingsarbeidet skal DS leggja særskilt vekt på å trekke stadig fleire masser utanfor partiet med i innsamlingane.

3.3. UNDERDISTRIKTSTYREØKONOMIEN

a) Bortsett frå reglane under punkt 3.3 b,c, som gjeld kontingenttrekk og dei endringane i punkt 3.1 som følgjer av det, gjeld dei same retningslinene for økonomiarbeidet til underdistriktstyra som for DS. UDS skal og leia avdelingane sitt økonomiarbeide etter same retningslinjer som DS.

b) Underdistriktstyre i deler av distriktsenteret må finansiera drifta gjennom løyvinga frå DS, og kan ikkje trekkje nokon del av kontingenten eller påleggja avdelingane å løyve.

c) Underdistriktstyre som leiar stader utanfor distriktsenteret skal finansiera drifta gjennom løyvingar frå avdelingane. UDS har myndigheit til å påleggja avdelingane å løyve heile eller delar av kontingenttrekket til UDS. UDS avgjer og kor stort trekket til avdelingane skal vere, men trekk over 10% må godkjennast av SK.

d) Dersom DS sett ned utval for å leia stader utanfor distriktsenteret i staden for å oppretta UDS, kan DS finansiera dette utvalet etter same reglar som under pkt. c.

3.4. AVDELINGSØKONOMIEN

DS skal sjå til at avdelingstyra har kasserar og at dei driv økonomiarbeidet med budsjett og rekneskap.

- 3 -

DS skal skaffe seg oversyn over alt materiell og utstyr som avdelingane har (skrivemaskinar, stensilmaskinar osv.)

DS skal kontrollere økonomiarbeidet i distriktsorganisasjonen. DS bør ta stikkprøver av rekneskap og undersøkje einsskilte avdelingar for å sjå korleis arbeidet drivast, m.a. om rekneskapen leggjast fram for årsmøtet til godkjenning.

DS skal sjå til at avdelingane ikkje investerar i utstyr utan at søknad er godkjent av DS på førehand. DS kan godkjenne investeringar på inntil 10.000 kr. Det same gjeld dersom avdelingane vil selja utstyr. Dette skal og godkjennast av DS. DS skal sjå til at avdelingane ikkje akkumulerar meir kapital enn naudsynt til drift og til investeringar som er godkjent. Overskot skal sendast til SK som gåve.

3.5. OKTOBERBOKHANDLANE

DS skal leia Oktoberbokhandlane etter dei retningslinene som vert slått fast av partiet og Oktober sentralt.

Dei skal overvake og utvikle den politiske linja, ha oversyn over kva bøker som vert selt over kassar som tek seg av drifta.

Vidare skal DS overvake økonomiarbeidet, inkludert evt. avsettingar til fonds (t.d. til nye lokale).

DS skal arbeide for å byggje ut Øktobernettet i sitt distrikt etter som klassekampen krev det, og etter som det er grunnlag for ut fra avdelingane sin styrke på staden.

DS skal byggje ut Oktober sitt kommisjonærnett der det er grunnlag for eit visst sal blant massane, men der det samstundes ikkje er grunnlag for ein bokhandel pga avdelinga sin styrke, oppslutning blant massane osv.

DS har eit særskilt ansvar for at det ikkje akkumulerast ei stor gjeld til Oktober sentralt eller til andre.

3.6. ØKONOMIARBEIDET I FRONTORGANISASJONANE

DS pliktar å hjelpe frøntane med økonomiarbeidet deira, og har ansvaret for at partiet sine medlem som arbeidar i frontar strir for ei politisk line i økonomiarbeidet som vil tene frøntane sine interesser.

Det er i frøntane sine interesser at viktige prinsipp i økonomiarbeidet som sjølvberging og mobilisering av massane får mykje større gjennomslagskraft.

- 4 -

Mange frontar driv eit dårleg arbeid med økonomien i dag. Både leiinga og medlemsmasse er lite medvetne om kor naudsynt det er å drive økonomiarbeid og byggje opp eit sterkt og solid grunnlag for den politiske verksemda deira. Det er partiet si plikt å hjelpe og kjempe fram dette, og hindre at eit vantande økonomiarbeid skal ramme det kampavsnittet ein front arbeider på.

Kommunistane i fronten må gå i spissen for å korrigera denne dårlege tendensen i frontane sitt økonomiarbeid.

3.7. VERN OM PARTIET SIN EIGEDOM

DS skal sørge for at det blir sytt vel for all eigedom som høyrer til partiet, og at det finnst klare retningsliner for bruk og oppbevaring av utstyr og materiell.

DS skal føre materiallister over alt utstyr som skal forvalta av kasseraren eller ein annan som DS utpeikar særskilt til dette.

Det må førast kamp mot alle tendensar til å syne liten vørnad for partiet sin eigedom og utstyr.

3.8. FORNDSAVSETTINGAR OG INVESTREINGAR

a) DS skal avsetje til å byggje opp fond for investeringar som kjem og for særskilte økonomitiltak når stoda i klassekampen er ekstra skjerpa. Særskilte innsamlingar i distriktet for tilsvarande føremål skal godkjennast av SK.

b) DS skal diskutera og planleggja dei investeringane som vil verte naudsynte i tida som kjem. Alle investeringar over kr. 10.000 skal godkjennast særskilt av SK.

3.9. STØNAD FRÅ STAT OG KOMMUNE

Vi viser til Prinsippprogrammet (kap. 34 e) og vedtak frå landsmøtet og SK.

3.10. SKOLERING OG STUDIER

DS skal gjennomføra studier og skolering i organisasjonsøkonomi i DS og i distriktsorganisasjonen. Det skal leggjast særskilt vekt på å skolere opp styrekadrane.

4. BUDSJETT - REKNESKAP - REVISJON

4.1. BUDSJETT

DS skal lage budsjett for drifta si.

Budsjettet skal kontrollerast kvart halve år i tilhøve til rekneskapen, og korrigerast etter dei reelle utgiftene som rekneskapen syner, og dei planane DS legg for arbeidet sitt. Utgiftssida skal syne den økonomiske sida for DS sine politiske planar. Inn-tekstssida skal for det fyrste dekje utgiftene, og for det andre byggje på målsettingar og politiske og organisatoriske planar for korleis kontingenten skal drivast opp i distriktet. Budsjettet skal følgja kalenderåret.

4.2. REKNESKAP

For rekneskapsføring gjeld eit eige direktiv: "Direktiv om regnskapsføring for distriktsstyrer og utvalg" fra august 1982.

4.3. REVISJON

DS skal velje ein revisor mellom seg sjølve som ikkje sit i AU. Revisor skal revidera rekneskapen kvart halvår. Revisor skal skriva ei revisjonserklæring som leggjast fram for DS/AU for godkjenning.

På distriktsmøtet skal revisjonserklæringane og rekneskapen leggjast fram for godkjenning. Merk at rekneskap og bilag ikkje skal gje opplysingar om medlemstalet i distriktet.

Når rekneskapen er godkjend av distriktsmøtet skal alle bilag brennast med eit unntak: Bilag for betalt kontingent til SK må takast vare på i to år etter betalingsdatoen.

Halvårsrekneskapen skal sammanfattast til eitt årsrekneskap. Rekneskapsperioden skal følgja kalenderåret.

SK vil ved stikkprøver kontrollera at økonomidirektivet følgjast av DS.

5. TILSETTINGAR

DS skal på førehand søkje SK om løyve til å tilsetje kader i partiet eller i partiet sine verksemder. For alle tilsette i partiet gjeld særskilte løns- og arbeidstilhøve. Desse skal drøftast med SK ved tilsetjing.

6. EIGEDOMSTILHØVE

Om eigedomstilhøva i partiet gjeld §§ 17 og 18 i vedtektene. I samsvar med vedtektene er det SK som utøvar eigedomsretten i partiet. DS og avdelingane disponerar berre det utstyret og materiellet dei har investert i. SK kan overdra disposisjonsretten til seg sjølve eller andre. Difor skal endringar i eigedomstilhøve og disponering godkjennast av SK. SK ordnar eigedomstilhøva på det viset dei fastlegg. Dette gjeld både for partiet og for partiet sine bedriftar.